

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 12.12.2022
SAKSHANDSAMAR: Arve Varden, Øystein Helleseeth og Ingunn Berg
SAKA GJELD: **Budsjett 2023 - Helse Førde HF**

ARKIVSAK: 2022/3995

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.12.2022

STYRESAK:
078/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for 2023 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endingar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerende direktør søkje Helse Vest om å endre resultatkravet.
4. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret gjennom 2023.

1. Oppsummering

Budsjettprosessen for 2023 har vore svært krevjande som følgje av uvisse knytt til rammene, og når dei først kom var det ikkje lagt inn kompensasjon for at inflasjons- og lønsutvikling var vesentleg høgre enn budsjettet i 2022. Dette medfører i praksis at innsparingskravet auka med om lag 65 millionar for Helse Førde i 2023. I tillegg er det stor usikkerheit knytt til dei same føresetnadene i 2023. Signala er at dei økonomiske rammene blir strammare framover, og dette medfører behov for omstilling.

Administrerende direktør har som følgje av dette auka innsparingskravet som er gitt til klinikkane, frå 10 millionar som var planlagt i økonomisk langtidsplan (ØLP) til 20 millionar. I tillegg er det behov for å finne tiltak på ytterlegare 50 millionar. I første omgang er dette delvis løyst ved å redusere investerings- og vedlikehaldsbudsjettet med 25 millionar. I tillegg er det sett i gang eit prosjekt med mål om å finne tiltak tilsvarande 25 millionar, men dette er noko som vil ta tid og krevje gode prosessar og involvering. Det er mange interessentar og tiltak som må vurderast opp mot å sikre eit likeverdig og godt pasienttilbod jf. «Nytte, ressurs og alvorlighet - Prioritering i helse- og omsorgstjenesten» (Meld.St. 38. 2020-2021). Administrerende direktør vil rapportere til styret på progresjon for dei enkelte tiltaka.

Samla vurdering er difor at budsjettet til Helse Førde for 2023 er svært stramt. Det er i tillegg risikofaktorar som vil krevje både tett oppfølging og styring, samt at dei økonomiske rammene vil krevje auka endringstakt og omstillingsevne i organisasjonen.

Budsjettet er presentert med eit resultat på 0,- kroner. I ØLP var det planlagt med eit overskot på 21 millionar kroner. Nivået var lagt for å balansere drift- og investeringsbudsjett på lang sikt. Reduksjon av resultatkravet er tilsvarande reduksjon i investeringsbudsjettet. Dette kan gjerast i kortare periodar, men over tid må investeringsbudsjettet vere på eit nivå som sikrar at føretaket har midlar til å vedlikehalde bygg, IKT, medisinsk-teknisk utstyr og ambulansar.

Klinikkane har gjennom sine budsjettdokument identifisert tiltaka for å redusere kostnadene med 20 millionar, og administrerende direktør vurderer desse tiltaka som realistiske og moglege å gjennomføre. Ytterlegare tiltak vil like fullt vere nødvendige for å unngå budsjettavvik som følgje av styringsfarten vi har inn i eit nytt år. Som nemnt er det sett i gang prosessar kring dette som blir følgt tett opp både i klinikkane og på overordna nivå.

2. Innleiing

Budsjettet for 2023 syner dei finansielle rammene som Helse Førde HF har fått til disposisjon for å utføre dei tenester og pasientbehandlingar som spesialisttenesta omfattar. Vidare skal budsjettet også disponerast til å utdanne helsepersonell i føretaket, forskning og opplæring av pasientar og pårørande.

Saksutgreiinga vil gjere greie for korleis utarbeidinga av budsjettframlegget har vore gjennomført, kva føresetnader som ligg til grunn for budsjettet og korleis føretaket har valt å prioritere ressursane for år 2023. I tillegg kjem ei vurdering kring finansiell utvikling og risikobiletet knytt til budsjettet.

3. Budsjettprosessen

Dei overordna føringane til spesialisthelsetenesta ligg til grunn for arbeidet med budsjettet gjennom nasjonale, regionale og lokale planverk og styringsdokument.

Helse Førde har for budsjettet 2023 lagt til grunn rammefinansiering av klinikkane, og arbeidet knytt til budsjettet skjer i hovudsak ute i klinikkane. Kvar leiar er ansvarleg for sitt budsjett og utarbeiding av dette, noko som skjer i tett samarbeid med overordna leiarar og controllar.

Rammefinansiering medfører at kvar klinikk må handtere utfordringar som drifta medfører innanfor sine budsjetttrammer. Utgangspunktet for årets budsjettprosess er dei kjende budsjetttrammene for 2022 for kvar klinikk. Vidare har det vore gjennomført ein realendringsprosess, der kvar klinikk har meldt inn sine behov for endringar/auka midlar. Administrerande direktør har gjort prioriteringar av melde behov innanfor dei overordna rammene.

Budsjettprosessen er gjennomført med grunnlag i 2022-kroneverdi, for slik å halde fokus på dei driftsmessige endringane som budsjettet vil krevje og ikkje prisendringar. Prisjustering av budsjettet skjer sentralt og som eit siste ledd i budsjettutarbeidinga.

Det er ein føresetnad for budsjettarbeidet at organisasjonen er involvert, og dette vert ivareteke gjennom samarbeid i klinikkane med verneombod og tillitsvalde. Det har også vore gjennomført informasjon- og drøftingsmøte på klinikknivå og Helse Førde-nivå.

4. Føresetnader for budsjettet

4.1. Styringsfart 2022

Helse Førde har gjennom 2022 hatt utfordringar med både lågare inntekter og høgare kostnader enn budsjettet. Dette har medført store avvik mot budsjett.

Covid-19 pandemien har påverka Helse Førde stort også i 2022, der særleg første halvår var utfordrande med tanke på drift av føretaket som følgje av høgt sjukefråvær og anna fråvær

blant egne tilsette. Store svingingar i aktiviteten har vore utfordrande gjennom hausten, og negativ utvikling i ventetider og fristbrot har også vore krevjande.

Den makroøkonomiske utviklinga i verda treffer også Helse Førde. Det har vore høg prisstigning gjennom året og høgare lønnsoppgjer enn budsjettet. Dette har gjeve utfordringar både knytt til kostnader i drifta, og ikkje minst påverkar det Nye Førde sjukehus og dei økonomiske rammene for prosjektet. Prisstigninga er spådd å vare ved, og dette vil vere ein vesentleg risikofaktor inn i år 2023.

Prognosen for 2022 for Helse Førde er eit samla budsjettavvik på 70 millionar kroner. Nysaldering av statsbudsjettet for 2022 i november bidreg til at årets resultat vert betra med 47,5 millionar. Men avviket mellom faktisk prisstigning og den auken som budsjettet hadde lagt til grunn, vil vi dra med seg vidare dei komande åra.

Innsparingskravet i årets budsjettprosess vart, som følgje av styringsfarten hittil i år, auka til 20 millionar kroner. Dette vart fordelt til klinikkane. I tillegg vil organisasjonen måtte handtere ytterlegare større innsparingar for å nå resultatkravet for 2023. Ei lengre tiltaksliste er utarbeidd, og prosessen med å jobbe målretta med å vurdere desse og nye tiltak, samt konsekvensane, er starta.

4.2. Statsbudsjettet 2023

4.2.1. Overordna rammer Helse- og omsorgsdepartementet

Budsjetttrammene for Helse Førde er gitt med basis i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2023 inklusive tilleggsproposisjon, jamfør sak 120/22 frå Helse Vest om inntektsramme og resultatkrav 2023. I etterkant av at inntektstrammene vart presenterte frå Helse Vest er det forhandla fram semje kring statsbudsjettet 2023. Det er ikkje gjort kjent endringar som vil påverke Helse Førde sine rammer gjennom desse forhandlingane.

I framlegg til statsbudsjett per 6. oktober 2022 er det presentert ei auke til spesialisthelsetenesta på samla 2.437 millionar kroner. Dette vert fordelt mellom vekst i grunnfinansieringa/basisløyvingane og auke til aktivitetsvekst. Auken i basisløyvingane er signaliserte skal gå til døgnbehandling innan psykisk helsevern, medan resterande midlar skal gå til vedlikehald, investeringar, beredskapsarbeid og intensivkapasitet.

Det er lagt fram forslag om at ISF-andelen for somatikken skal reduserast frå 50 prosent til 40 prosent. Målet med omlegginga er å gjere det lettare for helseføretaka å prioritere oppgåver som ikkje gjev inntekt gjennom ISF-ordninga. Omlegginga er gjennomført i inntektstrammene som Helse Vest har delt ut, og er vidare innarbeidd i budsjettet for 2023 for Helse Førde. Omlegginga er budsjettneøytral, noko som inneberer at redusert ISF-løyving medfører auke i basisløyvingane.

Kompensasjon for meirutgifter og tapte ISF-inntekter som følgje av covid-19-pandemien, vert ikkje vidareført.

Pensjonskostnaden for Helse Førde er av KLP berekna til samla 306,9 millionar kroner i år 2023. Dette er ein auke frå revidert nasjonalbudsjett på 27,4 millionar kroner.

4.2.2. Pris- og lønsvekst

Hovudutfordringa i framlegg til statsbudsjett 2023 er at pris- og kostnadsveksten i 2022 var vesentleg høgare enn budsjett, og dette er ikkje kompensert. Dette medfører realnedgang i løyvingane til spesialisthelsetenesta.

Ei nysaldering av statsbudsjettet for 2022 gav friske midlar til Helse Førde, noko som bidreg til å redusere resultatavviket og betre likviditeten. Men utfordringane knytt til manglande kompensasjon for prisstigning gjennom år 2022, vil påverke Helse Førde også inn i 2023.

Det er lagt til grunn ein pris- og lønnsvekst på samla 3,8 prosent frå 2022 til 2023 i budsjettet. Pris- og/eller lønsvekst utover dette vil medføre at føretaket må ytterlegare redusere forbruk og innkjøp for å halde budsjetttrammene. Dette vil eventuelt kome i tillegg til at prisveksten frå år 2022 ikkje har blitt kompensert fullt ut.

4.3. Tildelt ramme frå Helse Vest

Helse Førde har i samla ramme for år 2023 fått tildelt 3,128 milliardar kroner frå Helse Vest. Det er budsjettet med inntekter på 3,444 milliardar kroner i budsjettet for år 2023. Dei samla inntektene er høgare enn tildelinga frå Helse Vest som følgje av inntekter på eigendelar for behandling, ISF-inntekter innanfor psykisk helsevern, gjestepasientinntekter, prosjektinntekter og andre mindre postar.

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	336 479	-	6 921 084
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 504 836	2 818 737	7 911 927	2 400 432			18 635 932
Resultatbasert finansiering	41 782	17 559	66 865	13 294			139 500
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	494 978	211 513	1 345 177	102 240	636 591	3 747 016	6 537 515
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 841	1 656	0		173 800
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 831

4.3.1. ISF-aktivitetsvekst

Det er frå Helse Vest lagt til rette for ein vekst innanfor ISF-ordninga på 1,4 prosent frå førre års budsjett. Helse Førde har fått tildelt sin del av dette etter same prinsipp som i førebels inntektsfordeling og økonomisk langtidsplan. Prisen per DRG-poeng er i årets budsjett sett til kr 49 484 kroner. Prisen for poliklinisk psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling er sett til kr 3 480 kroner.

Overlagsløyvinga for DRG-poeng innan somatikken er presentert under:

Utrekning av overlagsløyving for 2023	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Bestilling 2022	93 912	43 106	152 714	29 060	16 765	3 514	339 070
Aktivitsvekst 1,4% - fordelt vekst HF etter same forhold som ØLP	1 596	388	2 443	232	235	53	4 948
Overført fra basis til ISF (legemidlar, telefonkonsultasjonar, utførande personell)	724	393	949	243			2 309
Rehab overført ISF	141	77	185	47			450
Overlagsløyving for 2023 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk	96 373	43 963	156 291	29 584	16 999	3 566	346 776
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 456	-202	-4 048	-572	0	0	-6 278
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller hos private	5 459	1 868	3 564	1 840	0	2 000	14 731
DRG-poeng, eigne pasientar hos Feiring							0
Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion Vest	100 376	45 629	155 807	30 852	16 999	5 566	355 229

Helse Førde ynskjer å vere konservative i å budsjettere vekst i aktivitet, då demografiske forhold tilseier at det vil vere vanskeleg å oppnå vekst innan vårt ansvarsområde. Det har også vore utfordrande å nå dei budsjetterte aktivitetsmåla inneverande år. Det er med bakgrunn i dette lagt opp til ein avgrensa vekst på 99 DRG-poeng, noko som utgjør ein auke på 0,34 prosent.

4.3.2. Basisramme

Helse Førde er i budsjett for 2023 tildelt ei basisramme på 2,4 milliardar kroner. Dette er ein auke på 309 millionar kroner, der auken hovudsakleg kjem som følgje av omlegging frå 50 prosent til 40 prosent ISF-finansiering.

Helse Vest vedtok i juni 2022 ny inntektsmodell for prehospitala tenester. Helse Førde vil som følgje av dei justeringane som er gjort i denne modellen, få ein årleg auke i basisramma på 42,9 millionar kroner. Det er vedtatt av Helse Vest at denne endringa skal fasast inn over to år. Dette medfører at Helse Førde i år 2023 får ein auke på 21,4 millionar kroner.

4.3.3. Basisramme utanfor modell

I basisramme utanfor modell har Helse Førde fått tildelt 102,2 millionar kroner. Dette er ein reduksjon på 21,1 millionar kroner frå 2022. Helse Vest har signalisert at dei årleg vil vurdere desse tildelingane, for å unngå at lista over budsjettpostar som vert fordelte utanfor modell ikkje vert for store i omfang. Det skal vere vektige årsaker til at midlar ikkje skal kunne fordelast gjennom inntektsmodellen.

Nye tildelingar utanfor modell i år 2023 for Helse Førde er styrking av psykisk helsevern, døgn på 2,4 millionar kroner, midlar til områdefunksjon på 0,9 millionar kroner og løyving til Tronvik på 11,5 millionar kroner. Vidare er det gjort ein større korreksjon for omlegging av ISF (50 prosent til 40 prosent) for eigne pasientar. Det er også gjort ei oppjustering av beløp knytt til overføring av pasientar frå Gulen som følgje av oppdatering av grunnlag for fordelinga.

Tildelingar som tidlegare var fordelt som basisramme utanfor modell, men som no er inkludert i modell, er vaksinerings i helseføretak, løyving knytt til bioteknologilova og tidlegare kompensasjon for endring av ISF psykisk helsevern og TSB. I sum utgjorde dette 2,7 millionar kroner i budsjett for år 2022.

4.3.4. Øymerka midlar

Øymerka midlar tildelt i budsjettrammer for 2023 er i sum 1,6 millionar kroner for Helse Førde. Dette er ei vidareføring som gjeld medisinske undersøkingar på barnehuset og tilskot til bioteknologilova.

4.3.5. Resultatbasert finansiering

Resultatbasert finansiering er ein del av inntektsramma som vert fordelt basert på utvikling innan gitte kvalitetsindikatorar. Det vesentlege er helseføretaka si relative utvikling og kvalitetsforbetring. Modellen for resultatbasert finansiering vert nytta av Helse Vest direkte vidare til helseføretaka, for på den måten å halde fokus på kvalitetsindikatorane og måloppnåinga til det enkelte føretaket.

Helse Førde har fått tildelt 13,3 millionar kroner i resultatbasert finansiering for år 2023. Dette er ein auke på 0,6 millionar kroner. Relativt sett har Helse Førde utvikla seg «negativt» samanlikna med andre føretak i Helse Vest og derfor er endring frå 2022 lågare enn fordelingsnøkkelen skulle tilseie.

Resultatbasert finansiering 2023	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Sum
Inntektsfordeling 2023	41 782	17 559	66 865	13 294	139 500
Inntektsfordeling 2022	33 379	16 226	55 018	12 671	117 294
Endring	8 403	1 333	11 847	623	22 206

5. Rammefordeling til klinikkane

5.1. Realendringar

Helse Førde har tidleg haust 2022 gjennomført ein prosess der kvar klinikk melder inn sine behov for endringar i budsjettet etter eigne prioriteringar. Desse innmelde behova vert samanstilte, og administrerande direktør gjennomfører ei overordna prioritering av tildelte midlar. Det er samla i Helse Førde løyvd realendringar til budsjett 2023 på 28,6 millionar kroner.

Målet med realendringsprosessen har vore å fullfinansiere tiltak som tidlegare er vedtatt. Dette gjeld prehospital plan, styrking av tryggleikspsykiatri og oppbygging av rehab-avdeling og polikliniske tenester. Vidare er det gitt realendring til auka kostnader for tenester frå Helse Vest IKT. Det er også løyvd auke i midlar til medikamentkostnader, medisinsk heimebehandling og H-resept, då vi ser stadig kostnadsvekst innanfor området.

Klinikk	Beløp	Gjeld
Kirurgisk klinikk	6 000 000	Prehospital plan
Medisinsk klinikk	1 200 000	Oppbygging rehab-avdeling og polikliniske tenester
	4 000 000	Medisinsk heimebehandling
	1 000 000	Medikamentkostnad
	1 500 000	H-resept
Psykisk helsevern	1 000 000	Kompensasjon for ISF-inntektsreduksjon
	1 850 000	Styrking av tryggleikpsykiatri
	550 000	Styrka finansiering av Psyksisk helsevern barn og unge
Stab	1 000 000	Auka forsikringskostnader
	175 000	Influensavaksinasjon
	9 212 000	Helse Vest IKT
	200 000	Mobiltelefonar knytt til roller/vakt
Drift og eigedom	400 000	Nødvendig service på nytt utstyr
	500 000	Drift Angabygget
Sum	28 587 000	Prioriterte realendingar 2023

I tillegg til realendingane har administrerande direktør samla gitt 16 millionar kroner for å kompensere for at lønnsoppgjær i 2022 vart høgare enn budsjettet.

5.2. Innsparingskrav

Økonomisk langtidsplan for 2023-2027 hadde lagt til grunn eit årleg innsparingskrav til drifta på om lag 10 millionar kroner. Det er nødvendig at drifta vert effektivisert, då bygging av Nye Førde sjukehus vil krevje meir effektiv drift dei komande år for at føretaket skal handtere forpliktingar knytt til renter og avdrag.

Prognose for 2022 synleggjer eit stort avvik mot budsjett inneverande år, og dette avviket må handterast. Innsparingskravet som er gitt til klinikkane for budsjett 2023 er difor auka frå vedteken ØLP til samla 20 millionar kroner. Som tidlegare nemnd er heller ikkje dette tilstrekkeleg for å oppnå budsjettbalanse, men det har blitt vurdert som hensiktsmessig å avgrense krav til innsparing i klinikkane til dette nivået. Resterande innsparingar må løysast på eit overordna nivå. Denne prosessen er pågåande og administrerande direktør legg opp til å rapportere til styret på gjennomføringsgraden av dei nye tiltaka vi må arbeide med.

Dei tildelte innsparingskrava er fordelte slik per klinikk:

Klinikk	Beløp
Kirurgisk klinikk	5 132 000
Medisinsk klinikk	7 161 000
Psykisk helsevern	3 956 000
Stab	1 604 000
Drift og eigedom	2 148 000
Sum	20 001 000

6. Budsjett 2023

6.1. Resultatkrav HFD

Det er i budsjett for 2023 lagt til grunn at Helse Førde skal oppnå eit resultat på kroner 0 (null). I økonomisk langtidsplan var resultatkravet 21 millionar kroner, og dette var sett for å handtere noverande og framtidige investeringar.

Endring av resultatkravet har administrerande direktør diskutert intern i føretaket og med eigar Helse Vest. Styringsfarten er for høg, og det vil verte svært krevjande slik administrerande direktør vurderer det å halde dei budsjetterte rammene i 2023. Resultatkravet er av den grunn justert ned, og som ein konsekvens er investeringsnivået redusert tilsvarande. Administrerande direktør er klar på at investeringsnivået på sikt må tilbake til same nivå som skissert i økonomisk langtidsplan. Dette for å oppretthalde og vidareutvikle bygg, IKT, MTU og ambulansar, som er heilt kritisk for å kunne levere eit godt pasienttilbod. Å redusere resultatkravet i 2023 er difor ei kortsiktig løysing, og dette set krav til nye tiltak og behov for omstilling og auka endringstakt i organisasjonen.

Overordna tiltak for store kostnadsreduksjonar vil vere nødvendige for å oppnå balanse gitt dagens styringsfart og budsjettframlegg. Dette er krevjande prosessar, som vil krevje koordinering av fleire tiltak parallelt, samt krev god forankring og involvering i organisasjonen for å oppnå nødvendig effekt.

6.2. Overordna budsjett HFD

	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023 (i 22-kroner)	Budsjettendring B2022-B2023	Budsjett endring i %	Prisvekst B2023-B2022	Budsjett 2023 (i 23-kroner)
Sum inntekter	-3 198 673	-3 280 146	-3 546 925	-266 780	8,1 %	110 193	-3 436 732
ISF inntekter	-714 895	-759 473	-757 531	1 942	-0,3 %	119 680	-637 851
Gjestepasient inntekter	-33 914	-28 482	-31 903	-3 421	12,0 %	-1 164	-33 067
Poliklinikk og andre pasientinntekter	-157 528	-162 998	-168 030	-5 032	3,1 %	-6 295	-174 325
Basistilskudd	-2 132 195	-2 227 419	-2 515 966	-288 547	13,0 %	0	-2 515 966
Øremerkede midler	-83 095	-33 584	-3 838	29 746	-88,6 %	0	-3 838
Andre inntekter	-77 045	-68 190	-69 658	-1 467	2,2 %	-2 027	-71 685
Sum utgifter	3 171 741	3 245 646	3 276 536	30 891	1,0 %	141 206	3 417 742
Varekostnader og Helsetjenester	482 085	492 242	486 602	-5 640	-1,1 %	15 848	502 449
Kjøp av helsetjenester mm	127 672	158 590	153 411	-5 179	-3,3 %	5 849	159 260
Varekost	354 413	333 651	333 190	-461	-0,1 %	9 998	343 189
Lønn- og personalkostnader	2 153 788	2 198 410	2 187 797	-10 613	-0,5 %	107 266	2 295 063
Lønn til fast ansatte og vikarer	1 359 599	1 404 723	1 411 893	7 170	0,5 %	59 300	1 471 193
Variable tillegg og overtid	162 042	148 352	126 335	-22 017	-14,8 %	5 306	131 641
Feriepenger og sosiale kostnader	647 920	672 794	664 583	-8 211	-1,2 %	43 541	708 124
Innleie av personell	37 257	13 544	22 036	8 492	62,7 %	926	22 962
Reisekostnader	13 264	16 884	17 627	742	4,4 %	529	18 155
Diverse personalkostnad	16 037	13 655	15 514	1 858	13,6 %	613	16 127
Lønnsrefusjoner	-82 329	-71 543	-70 191	1 352	-1,9 %	-2 948	-73 139
Øvrige kostnader	449 783	459 994	501 138	41 144	8,9 %	18 092	519 230
Av- og Nedskrivning	86 084	95 000	101 000	6 000	6,3 %	0	101 000
Sum finans	26 790	4 500	18 990	14 490	322,0 %	0	18 990
Totalsum	-142	-30 000	-251 399	-221 399	738,0 %	244 699	0

Det er budsjettert med eit årsresultat på 0 (null) kroner. Dette er 21 millionar kroner lågare enn resultatkrav frå eigar og det som ligg i økonomisk langtidsplan.

6.3. Inntekter/ Aktivitetsutvikling

6.3.1. Psykisk helsevern

Det er forventet og lagt til grunn i budsjettet at aktiviteten knytt til døgnopphald for voksne i år 2023 vil auke opp mot nivået som var i 2019, og det vil bli arbeidd for å auke aktiviteten innan TSB samanlikna med fjoråret. Det er i tillegg planlagt med ei utviding av regionalt rustilbod på Tronvik i løpet av år 2023, gitt at ein får på plass nødvendige personalressursar. Det er planlagt med høgare aktivitet knytt til barn og unge i budsjettet for komande år, enn i år 2022.

Aktivitet	Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Budsjett 2023	Endring P22 til B23
Psykisk helsevern voksne						
DRG poeng	3 666	3 377	3 594	4 554	4 706	152
Tal heildøgnsopphald	19 012	17 059	17 948	17 800	18 795	995
Tal utskrivne pasientar	1 086	1 066	918	950	1 051	101
Polikliniske konsultasjonar	25 326	23 686	22 471	23 900	24 699	799
TSB						
DRG poeng	385	380	429	486	486	0
Tal heildøgnsopphald	6 941	5 734	6 006	6 170	7 570	1 400
Tal utskrivne pasientar	236	186	172	235	260	25
Polikliniske konsultasjonar	2 783	2 687	2 526	2 510	2 510	0
Psykisk helsevern barn og unge						
DRG poeng	5 534	5 877	6 070	5 313	6 041	729
Tal heildøgnsopphald UPH	1 369	1 356	1 325	1 350	1 300	-50
Tal utskrivne pasientar UPH	67	87	85	120	110	-10
BJP polikliniske konsultasjonar	16 979	16 028	18 186	17 700	20 100	2 400

6.3.2. Somatikken

Plan for aktivitet år 2023 syner ein svak nedgang knytt til eigne pasientar, men auke knytt til gjestepasientar og H-resept samanlikna med budsjett for år 2022. Samla utgjør dette ein vekst på 0,34 prosent i DRG-poeng. Budsjettet for 2023 er lågare enn noverande budsjett, men høgare enn oppdatert prognose for inneverande år.

Plan for aktivitet synleggjer også ei forventning i ytterlegare dreining av aktiviteten frå døgn til dag, frå dag til poliklinikk. Det er venta ein vekst i polikliniske konsultasjonar, medan det er budsjettert med redusert tal dagbehandlingar og sjukehusopphald/heildøgnsopphald.

Aktivitet		Oppnådd 2019	Oppnådd 2020	Oppnådd 2021	Prognose 2022	Plan 2022	Plan 2023	Endring B23 - B22
DRG-poeng dag/døgn/poliklinikk	A	25 581	24 446	26 087	25 711	26 569	26 537	-32
DRG-poeng H-resept	A	1 711	1 827	1 723	1 980	1 921	1 980	59
DRG-poeng (gjestepasientar)	B	662	585	730	756	680	752	72
SUM DRG poeng produsert i Helse Førde	A+B	27 954	26 859	28 540	28 447	29 170	29 269	99
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar	C	1 809	1 289	1 410	1 451	1 777	1 667	-110
Sum DRG-poeng, ISF inntekt på Helse Førde-pasientar	A+C	29 101	27 563	29 220	29 142	30 267	30 184	-83
Tal dagbehandling		14 111	14 407	15 700	9 299	15 568	14 963	-605
Tal sjukehusopphald / heildøgnsopphald		18 236	17 188	18 339	9 712	18 601	18 312	-289
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF-gyldige)		116 917	110 148	122 662	54 880	121 019	122 670	1 651

6.4. Løns- og personalkostnader

Administrerende direktør har gjennom realendringsprosess styrka løns- og personalkostnadene til Helse Førde med 16 millionar kroner. Det er lagt til grunn eit lønnsoppgjer i tråd med forventningar og nøkkeltal frå statsbudsjettet.

Før prisjustering er det budsjettert med ein reduksjon i løns- og personalkostnadene til Helse Førde med -0,5 prosent. Korrigerer ein for avvikling av covid-19-midlar, og at delar av desse var budsjettert som lønskostnader, er lønskostnadene grovt sett uendra frå føregåande budsjett. Det er samstundes budsjettert med ein auke i innleige av personell, noko som kjem til uttrykk under varekostnader og kjøp av helsetenester.

Administrerende direktør har budsjettert med ein vesentleg nedgang i variable tillegg og overtid i neste års budsjett. Gitt overforbruk på dette området gjennom 2022 vil det krevje stor omstilling i organisasjonen og eit stort fokus frå leiarane for at føretaket skal halde seg innanfor gitte rammer.

6.5. Varekostnader og kjøp av helsetenester

For varekostnader og kjøp av helsetenester samla er det budsjettert med ein reduksjon på 5,6 millionar kroner før prisjustering, noko som utgjer ein reduksjon på -1,1% frå dagens budsjett. Den samla ramma vert i nytt budsjett på 502,5 millionar kroner.

Varekostnader omfattar medikamentkostnader, og det er budsjettert med ein vekst på 1,3% for legemiddel og H-resept, i sum ein auke på 2,7 millionar før prisjustering. Samla budsjetttramme i Helse Førde for år 2023 er 211,2 millionar kroner knytt til legemiddel og H-resept. Det er elles budsjettert med ein reduksjon i kostnader til kjøp av helsetenester komande år.

6.6. Øvrige kostnader

Største kostnadsdrivarane under øvrige kostnader er pasienttransport og kostnader for driftstenester til Helse Vest IKT. Det er budsjettert med ein auke på 41,1 millionar kroner under øvrige kostnader før prisjustering. Budsjettekniske postar utgjer største delen av auken med 29,9 millionar kroner, og vidare er det ein auke i utgifter til Helse Vest IKT på 9,2 millionar kroner før prisjustering.

6.7. Finans og avskrivningar

Samla finanskostnader aukar vesentleg i årets budsjett samanlikna med fjoråret, og samla er det budsjettert med ein årleg finanskostnad på 14,5 millionar kroner. Veksten kjem som følge av auka i samla gjeld og høgare lånerente. Gjelda vil auke gjennom året som følge av byggjelån knytt til Nye Førde sjukehus, i tillegg er det budsjettert med renteutgifter knytt til trekk på kassekreditten som følge av utviklinga i likviditeten. Som følge av likviditetsutviklinga er det også budsjettert med lågare renteinntekter.

Avskrivningane er budsjettert på grunnlag av kjende avskrivningar på eigendelar i balansen ved inngangen av året, samt forventa tilgang som følgje av nye investeringar gjennom år 2023. Det er samla budsjettert med ein auke i avskrivningane på 6 millionar kroner.

7. Vurdering av risikofaktorar i budsjettet

Nysalderinga for år 2022 reduserte resultatavviket for inneverande år, men gjev inga løysing på det underliggende meirforbruket som følgjer føretaket inn i neste år. Det er difor sett i gang eit arbeid med å kartlegge alle tiltak som vil bidra til betra økonomisk balanse, og store omstillingstiltak og endringar vil måtte gjennomførast i 2023 og dei komande åra.

Det er nødvendig at føretaket held seg til dei gitte rammene slik at vi får følgt planen for Nye Førde sjukehus, og vidare sikre at vi har rammer til å gjennomføre nødvendige investeringar i bygg, MTU, ambulanse og IKT dei komande åra. Vesentlege risikofaktorar knytt til neste års budsjett er kommentert under.

7.1. Prisvekst

Prisveksten i Noreg og i verda er høg, og veksten er venta å halde fram inn i eit nytt år. Budsjettet til Helse Førde baserer seg på anslag til prisvekst som ligg i statsbudsjettet for 2023. Prisveksten estimert der er lågare enn den prisveksten som både Statistisk sentralbyrå (SSB) og Norges Bank har i sine prognosar for år 2023. Det er venta at effekten av prisveksten gradvis vil påverke Helse Førde meir, då føretaket gjennom avtalar med våre leverandørar har avtalt pris i avtaleperioden.

Inngangen til eit nytt budsjettår er som tidlegare nemnd krevjande, all den tid prisveksten inneverande år ikkje er kompensert i nye budsjetttrammer. Differansen vil følgje alle helseføretaka inn i det nye året og påverke negativt, noko som set krav til endring og innsparing. Handtering av denne risikoen vil krevje tett oppfølging av innkjøp og gode rutinar for økonomioppfølging i alle ledd i organisasjonen.

7.2. Løns- og personalkostnader

Det har gjennom år 2022 vore særskilt store avvik knytt til lønn- og personalkostnadene i Helse Førde. Avvika knyter seg til meirforbruk på overtid, ekstrahjelp, innleige og vikarar, samt at det er høgare utgifter til faste tillegg og UTA (avtale om utvida arbeidstid for legar) enn budsjettert. Samstundes har Helse Førde eit mindreforbruk på fast løn til eigne tilsette.

Første halvdel av 2022 hadde Helse Førde svært høgt sjukefråvær, mykje grunna covid-19-pandemien. Dette påverka løns- og personalkostnadene særskilt negativt i denne perioden. Vidare vart lønnsoppgjeret dyrare for helseføretaket enn budsjettert. Men i tillegg til desse forklaringane, er der eit underliggende meirforbruk som er bekymringsfullt. Dette utfordrar rammene til Helse Førde dersom vi ikkje får redusert forbruket gjennom endingar i drifta.

Utgiftene til løn- og personal har gjennom år 2022 vore vesentleg høgare enn budsjetterte rammer, men samstundes opplever ein ressursmangel knytt til spesifikk kompetanse. Dette

er eit krevjande bilete for organisasjonen å operere innanfor, og noko som vil krevje tett oppfølging – både på kort og lang sikt.

7.3. Aktiviteten

Helse Førde har gjennom år 2022 ikkje klart å halde budsjettert plan knytt til aktivitet. Føretaket har ikkje kome attende til aktivitetsnivået før covid-19 pandemien. Særleg krevjande er den svake utviklinga som har vore gjennom hausten 2022, då sjukefråvær og anna fråvær har vore attende på nivå meir på linje med år 2019, det siste «normale» året før covid-19-pandemien. Administrerande direktør har difor valt å budsjettere aktiviteten for 2023 lågare enn dei disponible rammene frå overslagsløyvingane. Klinikane har hatt grundige prosessar for å utarbeide realistiske planar for eigen aktivitet.

7.4. Sjukefråvær

Helse Førde har hatt utfordringar gjennom år 2022 knytt til høgt sjukefråvær blant egne tilsette. Covid-19-pandemien påverkar samfunnet og drifta av helseføretaket i mykje mindre grad ved utgangen av året enn det gjorde første halvår. Men større sjukdomsutbrot som råkar Helse Førde sine tilsette i same grad som det gjorde i februar/mars inneverande år, vil medføre store økonomiske konsekvensar. Dette gjeld både knytt til lønskostnader og redusert aktivitet/inntekter. Risikoen er vanskeleg å handtere utover tiltaka som vert gjort knytt til tilbod om influensavaksinering og generelt fokus på smittevern.

7.5. Likviditet

Eit driftsresultat vesentleg lågare enn budsjettert medfører ein svekka likviditet for Helse Førde. Dette vart også synleggjort i revidert økonomisk langtidsplan presentert for styret oktober 2022. Denne negative utviklinga i tilgjengeleg likviditet medfører behov for internlån frå Helse Vest og større trekk på kassekreditten, noko som resulterer i auka rentekostnader for Helse Førde. Gjelda til Helse Førde skal auke vidare fram til ferdigstilling av Nye Førde sjukehus, og høgare rente dei komande åra vil påverke handlingsrommet til Helse Førde. Ei tett oppfølging av likviditeten til Helse Førde vil vere naudsynt framover, for å sikre nødvendig handlingsrom for føretaket.

7.6. Prosjektporteføljen i Helse Førde – klargjering til drift i nytt bygg

Ein vesentleg risikofaktor dei komande åra er i kva grad Helse Førde vil lukkast med gjennomføring av dei ulike prosjekta som ligg i prosjektporteføljen, og då særskilt knytt til innflytting i Livabygget.

Innsparingskravet til Helse Førde for dei komande åra vert fastsett gjennom arbeidet med økonomisk langtidsplan og i budsjettarbeidet. Det er lagt opp til store årlege innsparingar dei komande åra, og klinikane har i sine dokument knytt til økonomisk langtidsplan peika på kor viktig det er å lukkast med organisasjonsutviklingsprosjekta for å nå innsparingskrava.

Store, tverrgående prosjekt går føre seg for å klargjere organisasjonen for ein ny arbeidskvardag. Det er klare forventningar til at prosjekta skal legge grunnlaget for nye

driftsmodellar i nytt bygg, der Helse Førde skal kunne drifte meir effektivt og med lågare ressursforbruk enn ved dagens drift.

Datoen for innflytting i Livabygget kjem stadig nærare, og det er vesentleg at prosjekta som vert omfatta av dette har god framdrift. Det er svært viktig at dei nye driftsmodellane er innanfor dei økonomiske rammevilkåra til føretaket, og dermed løyser dei økonomiske utfordringane som Helse Førde står overfor i dei komande åra. Det er behov for å auke endringstakten, og det vil krevje stor omstilling av drifta for tilpasse seg framtidige rammevilkår og svare ut aukande mangel på personellressursar.

8. Samla vurdering

Ved fordeling av ressursane gjennom komande års budsjett har kvar seksjon, avdeling og klinikk forsøkt å dempe risikoen knytt ovanfor nemnde faktorar i sine budsjett. Vidare arbeid med å redusere risikoen, og sørge for at Helse Førde held seg innanfor dei økonomiske rammene som ligg i budsjettet, knyter seg til oppfølging og kontinuerleg fokus på å endre og effektivisere drifta.

Det er administrerande direktør si klare oppfatning at oppfølging av økonomien og utvikling av organisasjonen må skje gjennom i samhandling på alle nivå. For å lukkast med dette arbeidet trengst det tett oppfølging frå leiarar på alle nivå, og god involvering av tilsette i organisasjonen.

Vedlegg

1. Budsjett 2023 – Kirurgisk klinikk
2. Budsjett 2023 – Medisinsk klinikk
3. Budsjett 2023 – Psykisk helsevern
4. Budsjett 2023 – Drift og eigedom
5. Budsjett 2023 – Stabsområde
6. Budsjetttrammer Helse Vest RHF 2023
7. Protokoll frå møte med føretakstillitsvalde
8. Protokoll frå møte med FAMU